



Styremøte Hareid IL Trimgruppa 15.03.2017

Styremøte Hareid IL Trimgruppa den 15. mars 2017 klokka 19:00 på klubbhuset

Tilstades: Lisbeth H. Longva, Gunn Bente Drevland, Andreas Moldskred, Roar Snipsøyr, Raymond Longva, Bernhard Harkjerr og Stein Myklebust.

Forfall: Leiv Arne Grimstad.

Styreleiar Bernhard Harkjerr kalla inn til møte og ynskte oss vel møtt. Harkjerr leia møtet.

1. Planer for året som kjem.

Fjellorientering skal organiserast og utførast/administrerast som tidlegare.

Det same gjeld Styrkeprøva. Hendinga skal annonserast i lokalpressa og på nettstaden kondis.no

Framlegg om eit arrangement i samband "Opplev Hareid" –dagane.

Leiv Arne Grimstad / Kaldalen?

2. Førebuing til Fjellorienteringa.

Leiv Arne Grimstad skal innkallast til neste møte som rådgjevar for utplassering av postane.

Orienteringskarta skal nummererast og kartnummeret skal nyttast i samband med loddtrekning. "Nummerstempel" skal skaffast.

Det skal åpnast for bruk av betalings-appar; VIPPS og SPING/SKULS ved kjøp av kart. Det skal også plasserast "kasser" som før hos MX Sport, Hareid, og G-Sport, Ulsteinvik.

Det vart diskutert om appbetaling kan misbrukast; ein kan vise fram betalinga på mobilen, både på Hareid og i Ulsteinvik og få to kart. Vart ikkje realitetsvurdert.

3. Eventuelt.

Generelt snakk om råser og skilting, greie og mindre greie grunneigarar.

Spesielt om råsa i Ytredalen som er under oppgradering/utbetring.

Andreas Moldskred foreslo å bruke like mykje pengar på skilting i år, som i 2016; 10 nye skilt. 2 av dei er allereie på plass i Ytredalen.

Kommuneadministrasjonen sitt engasjement m.a. til kultur og friluftsliv er lite tilfredsstillande. I

Ulstein er det Kommunen som tek initiativ og bygg ut både stiar, turveggar og parkar, medan vi i

Hareid opplever Kommunen som "bremskloss" når lag og frivillige søkjer om løyve/støtte til liknande tiltak.

Neste møte i HIL Trimgruppa, 29. mars 2017, kl. 19:00.

Stein Myklebust, referent